

Vyrde Redaktør.

uskedalen.no har etablert seg som ein framifrå nyhendeformidlar for bygda Uskedalen. Redaktørens innsats gjennom fleire år er beundringsverdig.

Hans innsats for å fortelja bygdefolket om kva som skjer i bygda er fantastisk. Vi set stor pris på å gå inn på internett kvar dag og sjå etter nyhende.

Men skal uskedalen.no bli eit politisk organ?

Eg viser til artikkelen frå Eskil Moen der han lurar på om gode tjenester må vike.

Vi er mange politikarar frå bygda vår.

Vi har alle noko vi vil seia politisk. Men eg trur uskedalen.no vert øydelagt som interessant nyhendeorgan dersom politikarane skal koma med sine politiske ytringar i innlegg.

Noko anna er det når redaktøren samlar alle politikarane og spør kva ein vil gjera som politiskar.

Mi bøn er at uskedalen.no ikkje må bli eit organ for politiske meiningar.

Vyrdsamt Kjell Yri

Vyrde Kjell Yri

Kjell Yri kan slappa av, uskedalen.no skal ikkje bli politisk organ for nokon. Men vi kan heller ikkje sjå bort i frå at det skjer ting på den politiske front og at det er valår i år.

Politikarane må få

slappa til i begrensa grad, særleg hvis dei er frå Uskedalen.

Og ettersom Yri og Venstre har fått fleire oppslag i det siste, tykte vi det var rettferdig og rimeleg at også Framstegspartiet fekk det.

Redaktøren